

Voss musikkråd

5705 Voss

Årsmelding frå styret i Voss musikkråd 2017

Aktivitet i 2017

Styret har i 2017 vore slik:

Styreleiar: Øystein Dahl (attval)
Knut Bryn, nestleiar
Kjartan Ringheim, kasserar (attval)
Halvard Bjørgo, skrivar
Aslak Himle, styremedlem (attval)

Styret har hatt 4 ordinære styremøte i dette arbeidsåret.

Tre saksområder har hatt særleg merksemd:

- Økonomi har vore tema på alle styremøta. Driftstilskot frå Voss kommune, og auke i leigeinntekter i høve til 2016. Det vert elles synt til årsrekneskapan.
- Drift, vedlikehald og utleige av Utescena har likeeins vore sak på alle styremøta.
- Musikkrådet sin framtidige funksjon. Voss kommune har ikkje synt trong for samarbeid med musikkrådet dette året. Men i høve til Voss kulturråd har rådet samarbeidd i saker vedkomande fordeling av kommunale kulturmidlar og oversendt desse for uttale frå musikkrådet, i samsvar med avtale frå mai 2016. Avtalen skal vurderast etter 2 år.

Det har ikkje vore aktivitet i samarbeidsorgan med Voss kulturskule i 2017.

Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscena.

Voss musikkråd har gjeve uttale til Voss kulturråd om kommunen sine rutinar vedkomande høyring i sak om tildeling av kommunale kulturmidlar. Søknadane må sendast til høyring med rimeleg frist og før kommunen ferdigstiller sakene.

Medlemstalet i musikkrådet er ikkje endra i 2017.

Halvard Bjørgo er vald inn i styret for Hordaland musikkråd. Han representerte Voss musikkråd og Hordaland musikkråd på Norges musikkråd sin landskonferanse i Hurdal i september 2017.

Utescena

Drift av friluftscena er ei viktig oppgåve for styret. Det er f.t. så mykje utleige av scena at økonomien balanserer. Men meir aktivitet er eit klårt mål, og styret oppmodar medlemslaga til å tenkja aktivitet lagt til scena. Styret har presisert rutineane ved utleige av utescena for å unngå mistydingar mellom utleigar og leigetakar om rettar og plikter knytt til leigetilhøvet. Styret har i løpet av året utarbeidd og godkjend internkontroll for el-anlegget på Utescena. Scena vart måla innvendig til 17. mai, dugnadsarbeid, måling kr –o- frå Fargerike.

Avslutning

VMR har ikkje lenger ein viktig medverknad som formidlar mellom medlemmene og kommunen, m.a. ved innstilling til fordeling av kommunale tilskott. Styret meiner difor at det er naudsynt med ein drøfting og avklaring med medlemmene om rådet sin vidare funksjon.

Voss 16.01.2018

Styret i Voss musikkråd